

# **Styremøte i Vats Grendautval**

## **Måndag 8. mars 2010 på Vats skule kl. 19.00**

**Desse møtte:** Åsmund kalstveit, Ingunn Skosheim Ohm, Jon Olav Velde  
Sverin Fatland måtte mælda forfall og Gro Karin Velde var sjuk.  
Dessutan møtte rådmann Kristian Birkeland.

### **Saker som vart drøfta:**

#### **1. Høyringsutkast til "Reglement for skuleskyss i Vindafjord kommune".**

Jon Olav orienterte om innhaldet i høyringsutkastet som er utarbeidd etter reglar i Opplæringslova § 7 – 1 og § 13 – 4 som omhandlar elevar i grunnskulen sin rett til gratis skuleskyss og om at ansvaret her ligg hos fylkeskommunen og kommunen der eleven bur.

**Her er opplista genereller kriterier som må til for å få fri skuleskyss:**

- a. 1. kl. får gratis skuleskyss når dei har lengre skuleveg enn 2 km.
- b. 2. – 10. kl. får gratis skuleskyss når dei har lengre skuleveg enn 4 km.
- c. Kriterier for farleg skuleveg: Farleg skuleveg gir gratis skyss uansett alder og lengde på skulevegen.
- d. Periodewis farleg skuleveg p.g.a. vegarbeid m.m.: Gratis skulesyss i farleg periode uansett alder og lengde på skuleveg.
- e. Årstidsbestemt farleg skuleveg: Gratis skuleskyss i vintermånader.

#### **Skuleskyssen i Vats:**

Etter at Øvre Vats skule vart nedlagt og elevane overflytta til Vats skule i Nedre Vats, har alle elevane som bur i Øvre Vats gratis skulesysstilbod.

Likevel kan det vera farlege vegkryssingar for elevar som skal til og frå skulebussen kvar kvar dag der dei må gå over sterkt trafikkerte vegar.

Det same gjeld elevar som bur i kort avstand til Vats skule.

**Grendautvalet vil peika på 3 farlege stader der elevane må kryssa Rv. 46:**

- a. **Vegkryssing over Rv 46 frå Knaphusgrenda - busslomma ved Knaphus – sterkt trafikkert veg.**

**Tiltak:** 1. Laga undergang

2. Laga gangveg nordover og kryssa beint over mot busslomma.
3. Laga ventefil eller rundkjøring oppe i sjølve vegkrysset E 134 og Rv 46

- b. **Vegkryssing Rv 46 frå Kårhusfeltet – sykkel- og gangveg til skulen.**

Stor trafikk her rundt ein sving på nordsida av vegkryssinga.

- c. **Vegkryssing Rv 46 frå Eide ved Kårhus bedehus – svært dårlig sikt her.**

Her er kurve på vegen og liten oversikt.

Stor trafikk.

**Konklusjon:** Grendautvalet ser at skyssreglementet for elevane i Vats gir eit godt og tilfredsstillande tilbod for dei fleste elevane som går på Vats skule. Likevel må ein vera klar over desse farlege vegkryssingane er sterkt trafikkerte og vil oppfordra kommunen til å få fortgang i å få laga sykkel- og gangstiar:

1. **Knaphus til Kårhus**
2. **Gjerdesdalen til Vats skule langs Rv 46.**

Kommunen må få dette inn på Fylkets trafikksikringsplan.

Kommunen må også sjå på kva som kan gjerast med desse 3 farlege vegkryssingane som er nemnde.

## **2. Vatsvassdraget.**

Grendautvalet tok saman med Vats bondelag og Vats grunneigarlag initiativ til å få NIVA, Norsk Institutt for vannforskning, til undersøka Vatsvassdraget som er sterkt forurensa og har sterk algeoppblomstring kvart år. Dette gjer at vasskvaliteten er så dårlig at vatnet nærmast er ubrukande for folk og dyr i periodar.

NIVA som var engasjert ute på Raunes hos AF decom sitt anlegg der, vart kontakta. Åsmund Kalstveit frå Grendautvalet, Harald Olav Stuhaug frå kommunen og Anders Hobæk frå NIVA la grunnlaget for å få ein avtale underskriven med NIVA.

Eit kostbart prosjekt vart sett i gong – ei kostnadsramme på 120 000 kr.

Ved hjelp av SMIL-midler og støtte frå andre sponsorar kunne ein få dette realisert.

Åsmund Kalstveit og Jon Olav Velde frå Grendautvalet har heile tida vore med og teke vassprøvar

### **Prøvetakingsprosjektet omfatta desse vatna og elvane:**

- a. **Vatsvatnet**
- b. **Landavatnet**
- c. **Aurdalselva.**
- d. **Alvseikeelva**
- e. **Blikraelva**
- f. **Landabekken**
- g. **Kanalen mellom Landavatnet og Vatsvatnet**
- h. **Røyrvikbekken**

NIVA la fram sin rapport om vassdraget torsdag 18. februar på eit folkemøte i Vindafjordhallen.

Prøvane syntte at dette var eit svært belasta vassdrag som det måtte gjerast tiltak i ganske fort. Landavatnet var sterkest forurensa og det var her ein måtte gjera tiltak først i følge Anders Hobæk i NIVA.

Så snart rapport blir ferdigskriven, vil han oversendt leiaren i Grendautvalet som igjen vil videresenda han til Reidar Bjordal på Landbrukskontoret.

**Konklusjon:** Grendautvalet ynskjer at ”Handlingsdel til landbruksplan for

Vindafjord kommune 2009 – 1014” blir arbeidd vidare med og særleg punkt 4 og 5 som set fokus på Vatsvassdraget etter same mal som for Jærvassdraget.

Så snart NIVA sin rapport kjem, blir denne videresendt til Reidar Bjordal.

Grendautvalet vil vera pådrivar her til å få til eit fellesmøte og skipa ein felleskomite av følgjane etatar som kan koma med tiltaksplanar:

1. **Haugaland landbruksrådgjeving** v/Lars Kjetil Flesland og Torbjørn Ruud
2. **Vats Bondelag** v/Andreas Lundegård
3. **Grunneigarlaget** v/Joar Haugland
4. **Samstyret i bondelaga** v/Norleif Fjellheim
5. **Eining Landbruk** v/Reidar Bjordal, Alf Ole Bull Tornøe, Harald Olav Stuhaug

**Åsmund Kalstveit tek på seg å kalla desse inn til eit fellesmøte.**

**Han vil også prøva å få Anders Hobæk i NIVA til å vera med på fyrste møte.**

## **3. Utsending til representantskapsmøte i Vindafjordhallen**

**Onsdag 17. mars kl.19.30**

**Gro Karin Velde** møter på dette møtet.

#### **4. Ymse:**

##### **a. Årsmøte i Grendautvalet m/val.**

Rådmannen kjem med forslag til vedtekter og organisering etter at han har vore med på dei fleste grendautvalsmøta i kommunen.

Dette vil skje til hauste. Då har styret her sete i 2 år. Vart stifta 4. sept. -08

##### **b. Ungdomshuset – Haugatun. Kva skjer med huset?**

Ungdomslaget arbeider med saka. Dei har avtale med Bjarne Nesheim om ny leigeavtale evt. kjøp av ein del av tomta.

Snekkerar har sett på huset og om taket – det let seg gjera å reparera huset.

Ungdomslaget ynskjer at ungdomar kan ha dette som klubbhus. Viss ikkje det er interesse hos ungdommane, kan det bli aktuelt å selja/riva huset.

##### **c. Fullføring av veglysprosjektet lang sykkel- og gangstien i Øvre Vats**

Jon Olav som er leiar i sykkel- og gangstinemnda har inne søknad hos Statens vegvesen om pengestønad til 13 lysmaster a kr. 12.500 kr. Mastene blir sett opp på dugnad. Det er fare for at fundamenta og kablane kan bli øydelagde under snøbrøytinga. Det er viktig å få opp mastene snarast råd.

##### **d. Turkartprosjektet** er under arbeid m/turbeskrivelsar og parkeringsplasser.

Jon Olav som er med i turstinemnda og har ansvaret for turane i Vats, har nå laga beskrivelse av alle turane frå dei 6 utgangspunkta i Vats:

- |                       |                 |
|-----------------------|-----------------|
| 1. Frå Eikesdalsvegen | 4 Frå Blikra    |
| 2. Frå Aurdal         | 5. Frå Vestvoll |
| 3. Frå Stokkadalen    | 6. Frå Raunes   |

Det er gjort avtalar med grunneigerane om parkeringsplasser og oppsetting av informasjonstavler på desse stadene.

##### **e. Bosskontainerar ved det gamle S-laget i Åmsosen.**

Jon Olav har kontakta HIM og fått dette avklart:

Blir ikkje sett oppatt etter at nye eigerar kjøpte butikken

Alle slike containerar blir fjerna rundt omkring.

Kan få setja opp container for glass og metall når eigna plass blir stilt til rådighet, men det er god kapasitet på Kårhus og på Knaphus nå ifølge HIM

##### **f. Busskur ved Åmsosen v/fylkesveg 739** etter at butikken vart nedlagt.

Jon Olav har teke kontakt med Statens vegvesen v/Oddrun Lund.

Ho vil ha ein søknad på e-post med beskrivelse og kartskisse.

Dette vil bli gjort snarast av Jon Olav.

##### **g. Kulturvek i Vats 2010 blir fra laurdag 5. til søndag 13. juni.**

Jon Olav som er med i Kulturkomiteen orienterte om opplegget dette året.

Det er program for kvar dag/kveld denne veka. Brosjyrar blir laga og distribuerte rundt til alle husstander m.fl.og det kjem avisomtale om opplegget.

#### **Til slutt hadde rådmannen ordet og orienterte om ulike saker:**

1. Han har planar om å samla alle grendautvala i kommunen til eit felles utvekslingsmøte til hausten.
2. Han orienterte om eit bulyst og utviklingsprosjekt frå Kommunal- og regionaldepartementet der ein kan søka om midler til tilrettelegging av arb.plasser m.m.
3. Kommunen skal laga ein næringsplan der grendautvala blir invitert til å bli med. Det blir kalla inn til eit strategimøte etter påske. Kor skal nyskaping skje? m.m.